

Saksbehandlar: Lisa Marie Hillestad Ålsberg, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/11278-2

Endringar i budsjettet for 2015

::: **Sett inn innstillingen under denne linja** ↓

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2015

1. Rammetilskotet vert auka med 18,160 mill. kr.
Teneste 7222 Drift og vedlikehald vert auka tilsvarande.
2. Andre statlege tilskot vert redusert med 5 mill. kr.
Avsetting til bufferfond vert tilsvarande redusert.
3. Tidlegare avsett agiogevingst i 2013 og 2014 vert inntektsført. Midlane vert avsett til disposisjonsfond med føremål å dekke framtidige agiotap.
4. Interne finansieringstransaksjonar – sentralt avsette midlar til pensjon – vert redusert med 6,183 mill. kr.
5. Teneste 4009 Avsett til løns- og prisvekst vert redusert med 18,077 mill.kr.
Sektorbudsjetta vert auka med 14,381 mill. kr i samsvar med vedlegg 2.
6. Teneste 4800 Juridisk honorar vert auka med 4,000 mill. kr.
7. Saldering av tilrådde endringar i denne saka på 5,879 mill. kr vert nytta til ekstraordinær nedbetaling av gjeld. Kapitalutgiftene vert auka tilsvarande.
8. Budsjettet for kapitalutgiftene vert etter denne saka fordelt slik:

Renteutgifter	56,200 mill. kr
Avdrag	133,779 mill. kr

B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2015

1. I finansieringsprogrammet for bygg vert det gjort følgjande endringar:
Bruk av bufferfond vert redusert med 0,5 mill. kr til 14,400 mill. kr.
Årets lånebehov vert auka med 0,5 mill. kr til samla 47,700 mill. kr.

Vedlegg:

1. Svar på søknad om kompensasjon etter skadar på fylkesvegnettet
2. Fordeling av lønsoppgjera i 2015.

::: **Sett inn innstillingen over denne linja** ↑

... **Sett inn saksutredningen under denne linja** ↓

SAKSFRAMSTILLING

1 Driftsbudsjettet

1.1 Rammetilskot

Fylkeskommunen søkte Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) om kompensasjon for ekstraordinære utgifter på fylkesvegnettet etter flaumen i oktober 2014. Vi har nå fått svar om at vi får tildelt skjønsmidler på 18,160 mill. kr. Brevet frå KMD følger som vedlegg 1.

Tildelte skjønsmidler er 50 % av estimerte kostnader etter flaumen ekskl. mva. Vidare har KMD trekt frå 2 mill. kr frå utrekningsgrunnlaget sidan kompensasjonen etter brannen i Skatestraums-tunnelen tok utgangspunkt i eit for høgt kostnadsoverslag, jf. vedlegg 1.

Fylkeskommunen sine utgifter er så langt finansiert over teneste 7222 Drift- og vedlikehald. Fylkesrådmannen vil difor tilrå at midlane vert tilført drift og vedlikehald for å dekke inn nokre av dei ekstra kostnadane fylkeskommunen har hatt som følgje av skadane etter flaumen.

1.2 Andre statlege tilskot

I statsbudsjettet for 2015 vart det løyvd 5 mill. kr til Sogn jord- og hagebruksskule. I opphavleg budsjett for 2015 var vår bruk av midlane uavklara, og statstilskotet vart mellombels avsett til bufferfond. I FT-sak 22/15 «Ekstraordinært vedlikehald ved Sogn jord- og hagebruksskule» vart det vedteke at midlane skulle nyttast som delfinansiering av investeringsprosjektet. I tertialrapport 2/15 vart investeringsprogram med tilhøyrande finansieringsplan justert, og statstilskotet vert no nytta som eit investeringstilskot direkte i kapitalbudsjettet. Dette medfører at det ikkje vert naud-synt å føre dette tilskotet i driftsrekneskapen. Fylkesrådmannen vil ut frå dette tilrå å redusere andre statlege tilskot med 5 mill. kr. Avsetting til bufferfond vert også redusert med 5 mill. kr.

1.3 Kapitalinntekter- og utgifter

Ekstraordinær nedbetaling av gjeld

Samla saldering av endringane i saka vert tilrådd nytta til ekstra nedbetaling av gjeld. Tilrådde endringar i driftsbudsjettet medfører såleis at lånegjelda vert redusert med samla 5,879 mill. kr.

Endeleg nivå på budsjetterte kapitalutgifter vert etter dette fordelt slik:

Renteutgifter	56,200 mill. kr
Avdrag	133,779 mill. kr

1.4 Lokale inntekter

Sal av konsesjonskraft

Sal av konsesjonskraft skjer i euro. I nedfelt rutine knytt til agio (valutavinst/- tap) er det fastsett følgjande:

- tap skal utgiftsførast i driftsrekneskapen
- vinst skal balanseførast.

Rutinen vart utarbeidd i tråd med eit notat frå Foreningen for God Kommunal Regnskapskikk, om rekneskapsmessig handsaming av utanlandsk valuta.

For åra 2012 til 2014 har vi hatt slik utvikling i agio.

	2012	2013	2014
Tap/gevinst agio (mill. kr)	-0,850	3,302	2,621

I samsvar med nedfelt rutine er agiotap i 2012 utgiftsført i driftsrekneskapen medan agiovinst i 2013 og 2014 er balanseført. Saldoen for agio i balansen pr. 31.12.2014 er 5,9 mill. kr.

Fylkesrådmannen har gjennomgått rutinen knytt til føring av agio på nytt, og i samråd med revisor kome fram til at gjeldande rutine er feil. Bankkonti i utanlandsk valuta skal vurderast til

verkeleg verdi, i tråd med KRS nr. 11. Det betyr at både agiotap og -vinst skal rekneskapsførast i drifts-rekneskapen.

Fylkesrådmannen vil no rette opp feilføringa frå 2013-14 og tilrår å inntektsføre agiovinstante på til saman 5 922 917,57 kr. Agioen for 2015 ser så langt ut til å bli negativ.

Med grunnlag i dei store årlege variasjonane knytt til berekning av agio, vil fylkesrådmannen tilrår at agiovinsten vi no inntektsfører vert avsett til disposisjonsfond med føremål å dekke inn ev. framtidige agiotap.

1.5 Pensjonsutgifter

Dei siste prognosane frå pensjonselskapa tilseier at kostnaden som skal rekneskapsførast vert redusert i 2015. Grunnlaget for reduksjonen i 2015 er i stor grad knytt til tekniske endringar og forskyving av premieavvik. Det er budsjettert med ei ufordelt løyving til pensjon på 6,183 mill. kr. Utifrå ei samla vurdering er det ikkje behov for å nytte desse midlane i 2015, og fylkesrådmannen tilrår at budsjettet vert redusert tilsvarande.

1.6 Forvaltning

Teneste 4009 Avsett til løns- og prisvekst

Lønsoppgjeret i 2015 er avslutta. Det er kompensert etter sentrale tillegg i kapittel 4 og lokale forhandlingar i kapittel 3 og 5. Kompensasjonen utgjer samla 14,381 mill. kr, og er fordelt på sektorane i samsvar med vedlegg 2.

Etter at lønsoppgjeret er fordelt er det eit mindreforbruk på teneste 4009 Avsett til løns- og prisvekst på 3,696 mill. kr i 2015. Mindreforbruket er i hovudssak knytt til mindre behov for kompensasjon for lønsoppgjera i kapittel 4.

Teneste 4800 Juridisk honorar

Kostnadane knytt til juridisk bistand vert auka i høve gjeldande budsjett. Auken er m.a. knytt til auka behov for juridisk bistand til eigarskapsvurderingar. Fylkesrådmannen tilrår difor å auke løyvinga til teneste 4800 juridisk honorar med 4 mill. kr i 2015.

1.7 Samferdsle

Skatestraumtunnelen

I tertialrapport 2/15 rapporterte fylkesrådmannen at kostnadane i høve rehabilitering og utbetring etter brannen i Skatestraumtunnelen var på 41,0 mill. kr. Statens vegvesen har no komme med oppdaterte prognosar som syner ein auke på 21,5 mill. kr inkl. mva. Kostnadane har auka innan følgjande postar:

- Trafikkavvikling (kolonnekøyning etc.)
- Skade på drenering i tunnelen
- Vass- og frostsikring
- Skadeomfang asfalt
- Maling av tunnelen
- Reparasjon av bankettar
- Rigg

Dei totale kostnadane er no kome opp i 62,5 mill. kr inkl. mva.

Teneste 7222 Drift og vedlikehald vert i denne saka auka med 18,160 mill. kr, jf. punkt 1.1. Dette er ei delfinansiering av kostnadane vi hadde i samband med flaumen i oktober 2014. Vi har alt nytta driftsmidlar til å fullfinansiere desse kostnadane, dette gjer at vi no kan disponere tilsvarande beløp til andre føremål. Auken på 18,160 mill. kr, kombinert med momsrefusjon, gjer det mogeleg å finansiere kostnadsauken innafor samferdsla sitt budsjett i 2015. Kostnadsauken kan såleis løysast innanfor samferdsle sitt budsjett.

I tertialrapport 2/15 vart det omtala at KMD dekkjer 50% av dei direkte kostnadane knytt til brannen i Skatestraumtunnelen. Dette vil i så fall bety ein auke i skjønsmidlar på om lag 7,5 mill. kr. Det vert ei avrekning mot tildelt skjønstilskot når prosjektet er ferdigstilt, truleg i mai 2016.

2 Kapitalbudsjettet

2.1 Investeringsprogram for bygg

NY226 SJH- Ekstraordinært vedlikehald

I FT-sak 22/15 vart investeringsprosjektet for Sogn Jord- og hagebruksskule vedteke. Fylkeskommunen skal i finansieringa bidra med 20 mill. kr (lånefinansiert). Dette medfører ei justering av finansieringsplanen knytt til prosjektet. Budsjetterte fondsmidlar på 0,5 mill. kr vert no ein del av samla låneopptak på 20 mill. kr. Denne endringa vert no innarbeid i budsjettet.

Finansieringsplanen knytt til bygginvesteringar vert ut frå dette endra slik:

- Bruk av bufferfond vert redusert med 0,5 mill. kr til 14,400 mill. kr.
- Årets lånebehov vert auka med 0,5 mill. kr til 47,700 mill. kr.

... [Sett inn saksutredningen over denne linja](#) ↑